



Bruk høvet før messa tek til til å be om Herrens miskunn over kyrkjelyden, presten, dei kyrkjeleg tilsette og råda, dei med tillitsverv, friviljuge medarbeidarar, misjonærane, kyrkja, folket, dine og deg sjølv.

DEN STORE LOVSONGEN

”Øygardsliturgien”

Messeordning til bruk ved feiring i Øygarden prestegjeld

Versjon 1.september 2006

Vedteke i sokneråda 1.feb. 2006

Syng ein ny song for Herren,
lovsyng han frå heimsens endar,
de som ferdast på havet,
og alt som fyller det,
de øyar og strender
og de som bur der! (Jes 42,10)

INNLEIING

PRELUDIUM OG SALME-gjerne med INNTOG

(Stående)

Program på tavle, ark og lysbilete kan óg nyttast.

INNGANGSORD

Presten: I Namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage

Ande✠.MATT.28.19

Kyrkjelyden: Amen.

Etter den apostoliske helsinga (1 KOR. 1,3 M.FL.) seier P eller ein annan litt om Gudstenesta i dag. Her kan óg koma ei helsing ved t.d. ein gjest, og tenning av adventskrans i adventstida.

SYNDSVEDKJENNING (Sitjande)

Alternativt kan nyttast ei anna syndsvedkjenning, sjå lysbilete.

P introduserer syndsvedkjenninga. Kort stille for sjølvransaking følgjer.

K kan knele.

K: Heilage Gud, himmelske Far.

Sjå i nåde til meg, arme, syndige menneske,
som har sára deg med tankar, ord og gjerningar
og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.

For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg.

Tilgjev meg alle mine synder,

og gjev at eg må ottast og elska einaste deg. Amen.

LUK.15,21

I advents-og fastetida og på bots-og bøneden dagen kan alment skriftemål koma i staden. Sjå vedlegg for ordning.

LØFTET OM SYNDSTILGJEVING 1.JOHS.1,9

BØNEROP(KYRIE)

Alternativt kan syngjast eit anna Bønerop, sjå program.

K: Kyrie eleison

Kriste eleison

Kyrie eleison MATT,9,27;15,22 LUK.17,13;18,38

LOVSONG(GLORIA)

Lovsong fell bort i fastetida.

Alternativt kan syngjast eit anna omkvede, sjå program.

P: Ære vere Gud i det høgste, LUK.2,14

K: Og fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad i.

Omkvede: Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Øygardskyrkjelydane-Øygarden Prestegjeld

(DÅP, MED FORSAKING OG TRUVEDKJENNING)

Her kan følgja dåp av born kor foreldra og fadrar har teke på seg forpliktinga til å oppsede barnet i kristen forsaking og tru. Her kan óg døypast ungdom og vaksne som har motteke dåpsundervisning og har teke på seg forpliktinga til å leve i kristen forsaking og tru. I advents-og fastetida kan haldast dåpspáminning. Sjå vedlegg for ordning.

Ved familiemesse/gudsteneste går ein rett til EVANGELIUM.

GUDS ORD

KOLLEKTBØN

P: Herren være med dykk. JOH.20,19 1.KOR.16,23

Etter ei kort still bøn, ber P kollektbøna for dagen, evt.dåpskollekten. Lat oss alle be.... frå æve og til æve.

K: Amen.

FØRSTE LESING

Lesinga sluttar med:

-Slik lyder Herrens ord.

HOVUDSALME/BIBELSK SALME

ANDRE LESING

Lesinga sluttar med:

-Slik lyder Herrens ord.

Her kan følgja korsong.

EVANGELIUM (stående)

P: Lat oss høyra det heilage evangeliet!

K: LOVSONG FOR EVANGELIET

P: Herren være med dykk. JOH.20,19 1.KOR.16,23

Dette heilage evangeliet står skrive hjå evangelisten...

-Slik lyder det heilage evangeliet.

K: Gud vere lova! Halleluja! Halleluja! Halleluja!

I fastetida syng ein i staden ein BONESALME.

PREIKE

Skal det i gudstenesta vere særskilt undervisning for born, samlar ein borna i koret før preika tek til, syng nokre bornesongar før lærar(ar) og born går til sakristiet eller annan lageleg stad for samling om teksta som er lese.

TRUVEDKJENNING (stående),(og/eller) SALME

Den Apostoliske truvekjeninga (NoS 944) på vanlege dagar, Den nikenske truvekjeninga (NoS 945) på høgtidsdagar. Korte Kunngjeringar kan følgja.

FORBØN

KYRKJA SI FORBØN (sitjande)

P introduserer kyrkjebøna.

K: Herre, høyr vår bøn, eller Å Gud, høyr vår bøn...

Evt. Fredslitaniet: Norsk Salmebok 952/3. I fastetida og på bots-og bøneden dagen vert bede Norsk Salmebok 951. Sjå salmetavle/lysbilete. Det kan tennast lys i lysgloben. Her kan følgje eit ekstra ledd med frie bøneme, og/eller forbøn ved altarringen/ i benkane for sjuke eller andre med særskilt trong. Salving av sjuke etter særleg avtale. Konkret forbøn kan óg skje under kommunionen, eller etter messa, om dette synest best.

NATTVERD

OFFERSALME

Pengeoffer vert samla inn i benkene.

Brød og vin og bønenskje kan berast fram.

OFFERKOLLEKT

DEN STORE TAKKEBØNA(stående)

P: Herren være med dykk. **JOH.20,19 1.KOR.16,23**

K: Og med deg vere Herren.

P: Lyft dykkar hjarto.

K: Vi lyfter våre hjarto til Herren.

P: La oss takka Herren vår Gud.

K: Det er verdig og rett.

P: I sanning, verdig og rett er det,....

... og tilbedande syngja:

HEILAG(SANCTUS)

K: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot,

All jorda er full av din herlegdom,

Hosianna i det høgste.

Velsigna vere han som kjem, i Herrens namn.

Hosianna i det høgste. **JES.6,3 MATT.21,9;15 JOH.12,13**

P held fram Den Store Takkebøna(sitjande)

BØN OM HEILAGANDEN**HERRENS INNSETJINGSORD**

K kan knele.

BØN OM Å KOMA I HUG KRISTI VERK

P: Kristus mellom oss, vona om herlegdom! **KOL.1,27B**

... Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

... Amen. Ja, kom, Herre Jesus. **1.KOR.16,22; ÅP.22,20**

FADERVÅR

P introduserer Fader Vår.

K: Fader vår,

Du som er i himmelen,

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda

så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld,

som vi òg forlet våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen.

FREDSHELING

P: Kristus er vår fred; han som døydde på krossen og der gjorde ende på fiendskapen. Herrens fred vere med dykk alltid.

Her kan ein utveksle handtrykk med dei som står nærast og seie t.d.: Guds Fred.

BRØDSBRYTING

P: Brødet som vi bryt gjev oss del i Kristi lekam.

...Sjølv om vi er mange, er vi ein lekam;

for vi har alle del i det eine brødet... og alle fekk vi éin

Ande å drikka.... Amen. Ja, kom, Du Heilage Ande.

1.KOR.10,16-17 1.KOR.12,13

GUDS LAM(AGNUS DEI)

K kan knele.

K: Du Guds Lam, som bar all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som bar all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som bar all verdsens synder, gjev oss din fred! **JOH.1,29;36**

NATTVERDMÅLTIDET

P: Sjå Guds lam, som ber bort synda i verda. **JOH.1,29;36**
Sæle er dei som er bedne til bryllaupsmåltidet åt Lammet. **ÅP.19,6 FLG.**

K: Herre, eg er ikkje verdig at du går inn under mitt tak, men sei berre eitt ord, så vert sjela mi lækt. **FRÅ MATT.8,8**

P: Kom, for alt er ferdig.

Kristi lekam og blod vert utdelt til dei som er døypte og vil tru Kristi Ord og løfte. Nattverden vert teke imot mens ein kneler på altarringen, alternativt framst i skipet, eller på fleire stasjonar i kyrkjerommet. Ved altarringen tek ein i mot nattverden med ope hand og kalk, framst i skipet ved å dyppe det innvigde brødet i kalken, eller ved å drikke av felleskalken. Om ein ønskjer, kan ein vise sakramentet ære ved å bøye seg. Ein set seg etter at ein har motteke sakramentet. Om ein av ymse årsakar ikkje skal gå til altars, men ønskjer velsigning, gjev ein teikn om dette. Born og konfirmantar som ikkje har fått undervisning om nattverden heime, av ein fadder, eller av presten, kan velsignast.

TILSEIINGSORD

P: Den krossfeste og oppstadne Herre Jesus Kristus...
Fred vere med dykk. ✕

TAKKEKOLLEKT FOR NATTVERDEN

P: Lat oss takka og be.

Etter ei kort still bøn, ber P Takkekollekten.

K: Amen.

UTSENDING (stående)

P: Herren være med dykk. **JOH.20,19 1.KOR.16,23**

K: Og med deg vere Herren.

VELSIGNINGA

P lyser velsigninga.

P: Herren velsigne deg og vare deg,

Herren late sitt ansikt lysa over deg og vere deg nådig,

Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred. ✕ **4.MOS.4,24-26**

K: Amen. Amen. Amen.

P: Messa er til endes. Gå i Herrens fred.

SALME-gjerne med UTTOG**3*3 BØNESLAG****POSTLUDIUM**

Herren er konge!
Jorda skal jubla,
øyar og strender ... ventar på hans lære. **SAL.97,1+JES.42,4**



Soknepresten i Øygarden
Postboks 144, 5331 Rong
TEL: 56 38 22 44 Mobil/SMS: 950 67890
svennam@hotmail.com
<http://www.stellamaris.no>

Ønskje om forbon, samtale og vifjing kan rettast til presten, eller leggjast i bonekassa.

